

Rettleiing – Tilskot til soner for pollinerande insekt - 2021

Regionalt miljøtilskot i jordbruket - RMP



Foto: Blomsterflue – UiO NHM, Humle – Artdatabanken, Bier – UiO NHM

Pollinatorane har viktige roller i matproduksjon og i økosystem. Ein rekkje studie både i Noreg og i andre land viser nedgang i førekomst og artsmangfald. Menneskeskapte klima- og landskapsendringar, urbanisering, attgroing og eit meir intensivt landbruk er blant årsakene til tilbakegangen.

Grunna stor mengde søknader i 2020, har det vært naudsynt å setja nokre grenser for kva som er innanfor tilskotsordninga, setja ned tilskotssatsen og sette ei ny øvre grense for tilskot per føretak. Se forskrifta under.

Reglane for tilskotet

RMP-forskrifta § 14 inneheld reglar og vilkår for tilskotsordninga:

«Det kan gis tilskudd for å så og skjytte soner med pollinatorvennlige frøblandinger på jordbruksareal. Sonene må ha pollinatorvennlige blomster gjennom vekstsesongen. Arealet det gis tilskudd for skal ikke være gjødslet eller sprøytet med plantevernmidler.

Arealene skal tilsås med frøblandinger med arter som gir blomstring og nektarproduksjon gjennom hele pollinatorsesongen..

Tilskuddet kan kun gis til kantsoner på åkerarealer og rundt åkerholmer. Tilskudd kan også gis til kantsoner på areal med kløver, frukt og bær som trenger pollinerende insekter. Tilskuddet gis ikke til kantsoner på grasarealer.

Tilskudd kan gis for pollinatorvennlige soner alene eller i kombinasjon med andre tiltak. Soner som etableres som pollinatorvennlige soner alene må ha en bredde på minimum 2 meter.

Soner som er en kombinasjon av grasdekt vannvei i åker (§ 25) eller grasdekt kantsoner i åker (§ 26) skal ha en bredde som tilsvarer kravet til disse tiltakene.


Tilskudd gis til slått av sonene.

Tiltaksklasse: høy sats.

Tilskuddet utmåles per meter. Øvre grense for tilskudd per foretak er 2000 meter»

Nytt for 2021:

- Det er sett ei øvre grense for tilskot per føretak til 2000 meter sone



To typer soner – begge skal ligge i kantsoner på dyrka mark

1. Blomstrande soner etablert berre for pollinatorane: Kravet er minimum 2 meter breidde
2. Kombinasjonssoner (grasdekte buffersoner med innblanding av blomstrande plantar): Kravet er minimum 6 meter breidde med gras og blomster i heile breidda. Det blir då gitt to tilskot til same areal – både til grasdekt sone og til sone for pollinerande insekt.

Sonene må liggje på areal som er i drift, og som har rett på produksjonstilskot same året.

Tilskot kan givast til soner rundt areal med alle typar vekstar, med unntak av areal med gras (inkl. engfrø av gras). Soner rundt kløverfrøenger kan givast tilskot.

NB! Areal skal ikkje vera gjødsla eller sprøyta med plantevernmiddel same året.

- Blomstrande plantar trivst best på næringsfattig jord!

Kva frøblandingar kan nyttast?

- Blandingane må innehalde ulike artar med ulik blomstringstid, for å sikra mat til dei ulike pollinatorane humler, bier, blomsterfluger, sommerfuglar mfl.. heile sesongen.
- Blomstringa må starta i juni, vare heile juli og eit stykke ut i august, dvs at såinga må skje tidleg i sesongen for at sona skal ha rett på tilskot i anleggsåret.
- Bruk av frøblandingar med fleirårige artar er å føretrekke. Arealet treng då ikkje sågast på nytt kvart år. Merk at raudkløver og kvitkløver ikkje blomstrar i etableringsåret. Blandinga må då innehalde nokre eittårige artar som blomstrar første året.
- Kombinasjonssoner grasdekt sone/pollinatorsoner kan t.d. vera gras med innblanding (innsåing?) av raudkløver og kvitkløver.
- Nokre av blandingane som er i sal inneheld framande artar som honningurt og blodkløver. Desse er godkjent brukt berre på dyrka mark og i park/anlegg, ikkje i naturen.

Slått av fleirårige soner

- Arealet skal slåast etter blomstring når pollinatorsesongen er over, normalt vil det vera etter 15. august
- La gjerne plantematerialet ligga att på arealet 2-3 dagar for å sikra frøspreiing. Deretter må plantematerialet fjernast for ikkje å ha gjødslingseffekt i sona.
- Sona kan godt brukas som beite om hausten

Kontroll av areala/sonene

- Kommunane kan kontrollere sonene som del av sin årlege RMP-kontroll.
- Vis fram foto ved kontroll.

Naturlege kantsoner med blomster utanfor jordbruksareal

- Soner med blomstrande vegetasjon utanfor jordene er svært viktige for dei pollinerande insekta
- Rydding langs jordekantane er eit bra tiltak, og kan støttast av SMIL-tilskot

Foreløpig tilskotssats 2021: 10 kr/meter

Øvre grense for tilskot per føretak er 2000 meter



Blomstrande sone på Melsom, Sandefjord kommune. Foto: Julie Wiik, NLR Viken